

Sunnhordland avis, tisdag 21. september 1976.

Andreas Haugland 86 år:
Har samla 1 500 ordtøkje og 10 000 ord



- Eg er no 86 år, og har butt åleine del siste tre åra. Men eg steller meg sjølv, eg har ei dame som hjelper meg kvar tysdag og fredag. Eg greier huset sjølv, men ho kan prata, ser du, ikkje sladder eller «daltrekk», men viktug prat. Eg tek til å dimmast på synet, men ellers er eg frisk, nei eg skulle ikkje kjera.

- Kjera, kjære lesar, du veit kanskje ikkje kva det tyder. Det er eit ord som var vanleg i Kvinnherad for ein mannsalder sidan, og tyder vel å klaga.

Andreas Haugland, Uskedal, tidlegare lærar i Haugland krins, har samla 10 000 dialektord frå Kvinnherad og 1 500 ordtøkje. Desse skal ei nemnd no gje ut i bokform. Det er ein kulturskatt som elles hadde gått i grava med dei gamle. No har ei nemnd teke over arbeidet med å gjera boka ferdig, og ein vil søkje kommunen og Kulturfondet om stønad til å gje ho ut.

Haugland har halde på med dette arbeidet i over 20 år, han har lydd til gamle folk, høyrd etter ord dei bruka og notert dei på papiret. Han har og seinare fått hjelp av andre kvinnheringar som har vorte interesserte i gammalt og reint kvinnheradsmål.

Sunnhordland avis, tisdag 21. september 1976.

- Etter kvart som den gamle bondekulturen vart borte, og gamle reiskapar og arbeidsmetodar vert skifte ut med nye og moderne, kanskje utanlandske, gjekk mange av dei gamle orda or bruk. Når tingen er borte, vert ordet eller namnet på det, gløymt. Men det gjeld ikkje berre namn på ting, råkande adjektiv som før var dagleg bruk, er i ferd med å gløymast, og det gjer målet vårt fattlgare.

Eit levande og godt mål er karakterisert ved variasjon i ord og uttrykksmåte, til det treng ein mange ord å velja i.

Før hadde folk gjerne eit ordtøkje til svar når dei vart spurd om eitkvart. Eit ordtøkje kunne i få ord seia meir enn fleire setningar, når det vart rett brukt. Når nokon møtte opp litt seint, sa ein gjerne at «sein ku får skite gras».

Andre døme på ordtak i vanleg bruk i Kvinnherad kan vera: «Da e feire flekkete bikkjer enn presten si». «Krokete ror gjere long fjord».

- Kvifor har du teke på deg dette arbeidet?

- Det var styrar Ragnvald Guddal som sette meg på faret, ein gong eg møtte han på Malmanger-féto.

Han hadde fått brev frå ordboksredaktør Hellevik, med oppmoding om å senda nokre ord som er typiske for Kvinnherad. Guddal bad meg samla nokre ord, første gongen samla eg 37 ord, og tykte eg hadde gjort eit verk. Seinare har det berre vutte på seg. Det har vore moro å halda på med dette, og eg har ikkje greidd å slutta før no.

Sitt største livsverk har Andreas Haugland lagt ned i skulestova.

Han gjekk lærarskulen på Stord, og første lærarposten fekk han på Eikemo, Mosnes og i Høylandsbygd. Han skulte då tre veker på kvar stad, og rodde frå ein skulestad til hin. No ja, den som er kjend veit at det går ikkje an å ro til Eikemo. Haugland fortel om første gongen han kom dit :

- Eg fekk følgja ein båt frå Markhus til Eikemoland. Eg hadde med meg ein stor koffert, eg lurte på om krinsformannen kanskje var på kaien og skulle ta i mot meg. Men eg såg ingen, heller ingen som såg ut til å vilja hjelpa meg med å bera.

- Har de tog, sa eg, og fekk låna eit tog og tok kofferten på ryggen og bar han til gards. Eg trur folket der fekk større respekt for meg etter det...

Året etter fekk han lærarpost på Sunde, og var der i 11 år frå 1912. Seinare søkte han og fekk lærarpost i heimekrinsen, Haugland var der i 34 år. Seinare er Haugland skulekrins lagt ned.

- Det er ikkje noko å seia på det etter at vi fekk dette slottet meiner eg vi har sentralisert skulen altfor mykje. Dei som har lengst veg til ungsomsskulen reiser bortimot tre timar dagleg. Desse elevane vert mælt med same mål som del som har fem minutt å gå. Det kan ikkje vera vel gjennomtenkt.

Eg trur vi har apa for mykje etter svenskane. No har svenskane funne ut att dei har sentralisert for mykje, og er no teke til å desentralisera skulen. Om nokre år trur eg vi kjem etter, og tek til vit vi og.

Haugland har alltid vore sterkt oppteken av song, fråhaldsarbeid og ungdomslagsarbeid. Han dirigert songkor, opp til tre på ein gong, frå 1911 til 1940. Medan han var lærar på Sunde, dirigerte han og i Uskedalen. Då sykla han frå Sunde til Uskedalen minst ein gong i veka om vinteren, opp til tre gonger i veka om våren, når han var heime og hjelpte til på garden.

Sunnhordland avis, tisdag 21. september 1976.

- Eg trur eg har sykla frå Haugland til Sunde minst 1000 gonger. Og då var det ikkje asfaltveg, slik som no, nei, krokete grusveg, med mange brekker og 20 grindar, trur eg.

Eg kunne greia turen på ein time.

Songen har følgd Andreas Haugland heile livet.

- Mor brukte å syngja til arbeidet. Eg trur ikkje det var tonar i salmeboka som ho ikkje kunne. Alle versa kunne ho sjølsagt utaboks. Ein kunne ikkje ha med seg bok når ein låg på kne og skura golv eller når ein sat og mjølka. I min ungdom burde skuleborna kunna 338 vers når dei gjekk ut or skulen, vi lærde og mange songleikar, som vi brukte rundt juletreet eller ved andre høve. I farten kjem eg på «Så går vi rundt om ein einebærbusk, Å kara å spinna, Katten bad pusen koka seg mat. Kjerringa med staven».

- Var det lettare å driva lagsarbeid før enn det ser ut til å vera no?

- Ja, no er det så mange andre ting som lokkar. Før kunne ungdomslaget samla fullt hus til diskusjonar, det var både unge og eldre som kom.

For innsatsen i lagarbeid har Andreas Haugland fått diplom frå Nasjonalforeningen for Folkehelsen og Kongens Fortjenestemedalje..

- Han vil ikkje ha så mykje snakk om desse utmerkingane. Det var einkvan som søkte, og så fekk eg det, seier han. Haugland er no 86 år, framleis åndsfrisk og interessert i det som rører seg rundt han. Kvar dag er han oppe kl 07.00 og lagar seg frukost og steller huset sjølv. I tillegg har han alltid noko å vera oppteken med. No held han på med å rydja åker.

- Det er vakse så tett med røter her, men eg greier ikkje å arbeida meir enn eit par timar om dagen. Men det er gildt å ha noko å halda på med. Mange gamle er einsame, og dei som er yngre burde håtta meir på dei gamle, og sjå innom til dei. Det var gildt du kom.

